

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref: 202318279

Vår ref: 2026/115714

Dato: 10.06.2026

Mattilsynets svar til høring og kunngjøring - Grunningsdalen kraftverk

Vi viser til brev motteke 29.04.2026.

Saka gjeld

Søknaden gjeld etablering av eit småkraftverk i Grunnåi med tilhøyrande inntak, røyrgate og kraftstasjon. Tiltaket inneber redusert vassføring på ei elvestrekning. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på om lag 2,9 MW og ein årleg produksjon på rundt 5,9 GWh. Dette er basert på eit fall på om lag 75 meter og ei nedgraven røyrgate på nær 1,9 kilometer. Formålet er å utnytte den lokale vassressursen til produksjon av fornybar energi og bidra til lokal verdiskaping.

Mattilsynet si rolle i plansaker

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for områda plantar, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatt. Som høyringsinstans skal vi bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Vår vurdering

Vurderinga er avgrensa til Mattilsynet sine forvaltningsområde, med hovudvekt på drikkevatt og plantehelse.

Drikkevatn

Det går fram av søknaden at tiltaket ikkje vil påverke vassforsyningar (kapittel 3.16 Ferskvannsressurser), og temaet er derfor ikkje vurdert nærare. Søknaden opplyser likevel i kapittel 3.3 at grunnvasstanden kan bli senka i periodar som følgje av redusert vassføring i elva, men vurderer konsekvensen som ubetydeleg.

Mattilsynet vil minne om at vatn blir nytta utan å vere registrert i offentlege system, både til folk og til beitedyr i området. I tråd med føre-var-prinsippet bør ein vere merksam på at redusert vassføring og periodevis senka grunnvasstand kan påverke tilgangen til og kvaliteten på slikt vatn, og at dette bør følgjast opp lokalt.

Plantehelse

Mattilsynet har ansvar for å hindre spreining av planteskadegjerarar som kan gi alvorlege samfunnsøkonomiske konsekvensar, i tråd med [Forskrift om plantehelse](#). Regelverket for plantehelse må ikkje forvekslast med regelverket for framande artar, som Miljødirektoratet forvaltar.

Uønskt spreining kan skje med jordmassar som blir flytta, og med maskiner og utstyr som har restar av jord, frø eller plantar. Risikoen er særleg stor når massane kjem frå område med tidlegare eller noverande jordbruksdrift.

Alle som utfører byggje- og anleggsarbeid har ansvar for å hindre at alvorlege planteskadegjerarar spreier seg frå ein eigedom til ein annan. Mattilsynet forventar at tiltakshavar vurderer om planen kan føre til spreining av kjende planteskadegjerarar og ugraset floghavre, og set inn nødvendige førebyggjande tiltak.

De finn meir informasjon her: [Hvordan unngå å spre planteskadegjørere og ugras ved anleggsarbeid og flytting av jord | Mattilsynet](#)

Generell rettleiing finst på nettsidene våre:

[Reguleringsplanar og Mattilsynet sitt fagområde – kva må du tenke på?](#)

Med helsing
Mattilsynet, tilsynet

Tove Hamre
seniorinspektør

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK